







Statsforvaltaren  
i Møre og Romsdal

# Forventningsbrev 2021

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal sine  
forventningar til kommunane





# Forord

Statsforvaltaren er Kongen og Regjeringa sin fremste representant i fylket og utfører mange og allsidige forvaltningsoppgåver. Statsforvaltaren får sine oppdrag frå Kommunal- og Moderniseringsdepartemente. Desse kan oppsummerast i tre hovudpunkt:

- Formidle og iverksette nasjonal politikk og forventningar til kommunane på tvers av alle politikkområde
- Samordne og medverke til samarbeid mellom kommunar, statsetatarar og regionale aktørar
- Fremje rettstryggleik for einskildmenneske og fellesskapet, med vekt på likeverd

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal vil gjennom Forventningsbrev 2021 rette søkelys på nokre sentrale oppgåver som kommunane forvaltar, og som Regjeringa er spesielt opptatt av og har klare forventningar om for kommande år. Dokumentet er bygd opp kring fire hovudkapittel: Utfordringsbildet, Overordna prioriteringar, Statsforvaltarens forventningar til kommunane og Grunnlag for vidare dialog og samarbeid.

Forventningsbrevet blir sendt ut til kommunane med utgangspunkt i vår rolle som formidlar av nasjonal politikk til lokalt nivå. Vi oppmodar kommunane til å distribuere Forventningsbrevet både til politiske organ, leiarar og andre aktuelle medarbeidarar i kommunen.

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal ønskjer god kontakt med den enkelte kommune på alle tenestenivå og dette forventningsbrevet er eit supplement til andre møte og treffpunkt vi ser fram til å ha med kommunens administrative og politiske leiing.



Rigmor Brøstø  
statsforvaltar

# Innhold

## 1. Utfordringsbildet ..... 6

Koronapandemien .....	6
Samfunnstryggleik og beredskap .....	6
Omstilling til eit lågutsleppsamfunn .....	7
Naturmangfald .....	7
Demografiske utviklingstrekk .....	7
Sentralisering og urbanisering .....	7
Økonomiske rammevilkår .....	8
Kapasitet og kompetanse .....	8
Sårbare barn og unge .....	8
Bustadsosial innsats .....	8

## 2. Overordna prioriteringar ..... 9

Berekraftige kommunar – FNs berekraftsmål .....	9
Samskaping – Samarbeid for å nå måla .....	11
Miljømessig berekraft .....	11
Sosial berekraft .....	11
Økonomisk berekraft .....	11
Berekraftsfylket Møre og Romsdal .....	12
Kartlegging av lokal berekraft - KPI .....	12

## 3. Statsforvaltarens forventningar til kommunane .. 13

3.1 Plansamordning og kommunal planlegging .....	13
3.2 Kommuneøkonomi og skjønnsmiddel.....	14
3.3 Rett saksbehandling gir rettstryggleik.....	16
3.4 Oppvekst og utdanning.....	17
3.5 Helse, sosial og omsorg .....	19
3.6 Folkehelse, livsløp og velferd .....	21

3.7 Miljøvern, natur- og arealforvaltning .....	23
3.8 Landbruk .....	25
3.9 Samfunnstryggleik og beredskap .....	26
3.10 Klimaomstilling .....	28

## **4. Grunnlag for vidare dialog og samarbeid ..... 29**

Styrking av kommunedialogen.....	29
Oppfølging av Koronapandemien.....	29
Oppfølging av berekraftsmåla – strategisk planlegging.....	29
Oppfølging av kommuneøkonomi.....	30
Oppfølging av klimaomstilling.....	30
Samordning av statlege tilsyn .....	30
Oppfølging av ny kommunelov – internkontroll .....	30
Kommunebesøk 2021 – dialog om utfordringsbilde, mål og strategiar .....	30

# 1

# Utfordningsbildet

**«Alt heng saman med alt.» Aldri har vi sett dette tydelegare enn no. Pandemisituasjonen deler vi med heile verda. Den har råka oss som menneske, lokalsamfunn og nasjon. FNs berekraftsmål, som er globale målsettingar, har no blitt ein del av kommuneplanlegginga. Klimautfordringane er synlege overalt, med smelting av havs og utfordringar lokalt med flaum, overvatn og skred.**

Kommunane sitt samfunnsoppdrag kan oppsummerast i fire roller:

- Myndigheitsutøvar
- Samfunnsutviklar
- Lokaldemokratisk aktør
- Tenesteutøvar

For å utøve samfunnsoppdraget er det viktig at kommunane skal ha god kunnskap om nasjonale og viktige regionale interesser. Dette forventningsbrevet vil dele Regjeringa og Statsforvaltaren sine forventningar til kommunane i 2021.

## Koronapandemien

Koronapandemien har prega samfunnet og kommunane i 2020. Heile samfunnsstyringa har blitt sett på store prøver, både etisk, ressursmessig, praktisk og i gjennomføring av tiltak. Kommunane har i stor grad vore førstelinje i gjennomføringa av konkrete tiltak.

Norske kommunar har ei sentral rolle i arbeidet med å avgrense smitte og sikre liv og helse til sine innbyggjarar. TISK-arbeidet (Testing, Isolering, Smittesporing og Karantene) er den viktigaste strategien for å halde smittetala nede.

Kommunen skal sørge for at personar som oppheld seg i kommunen får tilbod om førebyggjande smitteverntiltak – inkludert vaksinasjon. Vaksinering mot covid-19 viruset blir ei sentral oppgåve for kommunane i 2021. Kommunen har ansvar for å organisere

vaksinasjonen av sine innbyggjarar slik at dei oppnår høgast mogleg vaksinasjonsdekning i dei gruppene som vaksinen er tilrådd for. Vaksinasjon skal planleggast og gjennomførast i tråd med dei overordna måla for vaksinasjonsprogrammet. God oppslutning om vaksinasjonen føreset at kommunen gir naudsynt informasjon til innbyggjarane.

Samtidig skal kommunane sørge for gode tenester til innbyggjarane sine. Det er mange nye og krevjande oppgåver som skal løysast. Regjeringa vil i 2021 rette særleg søkelys på:

- pasientar- og brukarar som blir utsett for tvang,
- barn og unge,
- brukarar av sosiale tenester

Det er viktig at kommunane har gode tenester til desse gruppene gjennom heile pandemien. Dette blir ein krevjande periode for velferdssamfunnet og vi må stå saman for å gjøre det beste vi kan der vi er.

## Samfunnstryggleik og beredskap

Det er under kriser vi får testa beredskapen og systema våre. Covid19-pandemien har vist korleis beredskapsplanar og beredskapsystem fungerer under langvarig press. Pandemien viser at det er viktig å vere budd på å handtere uønskte hendingar, og å oppretthalde kontinuitet i kritiske samfunnsfunksjonar.

Kommunane har ei nøkkelrolle og eit generelt ansvar for tryggleiken til innbyggjarane, og skal utvikle gode og robuste lokalsamfunn. Eit viktig arbeid omfattar førebygging, beredskap og krisehandtering. Kommunane sitt arbeid med samfunnstryggleik skal vere heilskapleg, systematisk og kunnskapsbasert, og skal vere med i all kommunal planlegging.

Kunnskap om risiko og sårbarheit dannar grunnlag for godt kommunalt arbeid med samfunnstryggleik. [Stortingsmelding 5 \(2020-2021\)](#), Samfunnssikkerhet i en usikker verden peikar på viktige utfordringar. Utfordringsbildet er komplekst og aukar behovet for samordning på tvers av nivå og sektorar.

## Omstilling til eit lågutsleppsamfunn

Norge skal omstilla til eit samfunn med lågare utslepp av klimagassar. Vi ser store konsekvensar av klimaendringane for menneske og miljø. «Klimarisiko» handlar om både dei fysiske konsekvensane av klimaendringane (for eksempel flaum, ekstremvær og havnivåstigning) og om korleis investeringar i samfunnet reduserer klimagassutslepp. Stengare miljø- og klimapolitikk vil verke inn på kommunal planlegging og forvaltning gjennom samfunns- og arealplanlegging, og andre omstillingar til det «Grøne Skiftet».

## Naturmangfold

Arealendringar medfører ofte at natur blir forringa, og dette kan føre til tap av naturmangfold og naturopplevelingar. Gjennom planlegging skal kommunen ta omsyn til naturverdiar og friluftsliv.

Forvalting av areal er sentralt for ivaretaking av miljøomsyn både på kort og lang sikt. Arealbruksendringar kan ha påverknad på både klimagassutslepp og tap av natur. Berekraftig arealforvalting er difor avgjerande for å nå nasjonale klima- og miljømål.

## Demografiske utviklingstrekk

Den demografiske utviklinga i Møre og Romsdal viser at vi i årå framover vil få ein svak auke i folketaket, men med ein markert auke i dei eldste aldersgruppene jf. [Fylkesstatistikk 2020](#).

Talet på alderspensionistar vil auke meir enn den yrkesaktive delen av befolkninga. Kommunane må framover planlegge for, å legge til rette for, eit aldersvennleg samfunn

som omfattar ulike tilpassingar og tiltak knytt både til kommunen som lokalsamfunn og som tenesteytar.

## Sentralisering og urbanisering

Dei seinare åra har det vore ei sterk sentralisering i Norge. Dei større sentra/byane veks mest – medan utkantane og småkommunane opplever folketalsnedgang i kombinasjon med ei stadig eldre befolkning. Dette er også utviklingstrekk vi ser i Møre og Romsdal. Berre eit fåtal av kommunane i vårt fylke har opplevd ein folketalsvekst på nivå med landsgjennomsnittet dei siste ti åra.

Hausten 2020 kom utgreiinga «[Det handler om Norge](#)», NOU 2020: 15, som omhandlar berekraft i heile landet og konsekvensar av demografiutfordringar i distrikta. Samtidig kom utgreiinga «[Næringslivets betydning for levende og bærekraftige lokalsamfunn](#)», NOU 2020: 12. Desse peikar på viktige moment i samfunnsutviklinga lokalt og regionalt. Utviklingstrekk og utfordringar knytt til sentralisering og urbanisering er elles nærmere drøfta både i [Regionalmeldinga](#) Meld.St.18 (2016- 2017) Berekraftige byar og sterke distrikt og i [Distriktsmeldinga](#) Meld.St.5 (2019-2020) Levende lokalsamfunn for fremtiden.

## Økonomiske rammevilkår

Då pandemien råka oss opplevde både internasjonal og norsk økonomi den største økonomiske nedgangen i nyare tid. Det førte til stort produksjonstap og høg arbeidsløyse. Vi ser at aktiviteten i norsk økonomi er avhengig av smittesituasjonen. Det blei sett inn økonomiske tiltak gjennom mange ulike tiltakspakker til kommunar, kultur- og næringsliv. Det er usikkert kor lenge vi må leve med dette og når internasjonal og norsk økonomi kan stabiliserast til ein ny normalsituasjon.

Dei økonomiske følgene av pandemien er store. Kommunesektoren opplever auka utgifter, skattesvikt og reduserte brukarbetalingar. Auken i utgifter skuldast først og fremst smittevernoppgåver. Dette blir motverka i noko grad av at veksten blir justert ned i den kommunale deflatoren, først og fremst på grunn av lågare lønnsvekst enn opphavleg lagt til grunn. Staten har gitt store ekstraløyvingar til kommunesektoren grunna koronapandemien.

At ein samla kommunesektor er kompensert, betyr ikkje nødvendigvis at det gjeld for kvar einskild kommune. Kommunar med store smitteutbrot vil ha høgare utgifter knytt til smittevernsoppgåver enn i område med lave smitteutbrot. Ein del av dei kompenserande midlane blir løyvd som skjønnsmidlar som blir fordelt av Statsforvaltaren.

## Kapasitet og kompetanse

Det er store skilnader mellom kommunane når det gjeld kapasitet og kompetanse for å løyse pålagde oppgåver og levere gode velferdstenester. Rekruttering av arbeidskraft er ei utfordring for fleire av kommunane våre. Færre yrkesaktive i forhold til talet på alderspensionistar vil i åra framover by på store utfordringar. Eldre er også ein viktig lokal ressurs mellom anna i samarbeid med frivillig sektor. Nye og komplekse samfunnsoppgåver krev at kommunane i større grad må søke tettare samarbeid med næringslivet, sivilsamfunnet, akademia og offentleg sektor elles.

I samband med koronapandemien er spørsmål om kapasitet og kompetanse i kommunane blitt aktualisert på ein ny måte. Det er viktig at kommunen har kompetanse til å utføre viktige samfunnsoppdrag aleine eller i samarbeid med andre kommunar.

## Sårbare barn og unge

I pandemisituasjonen har regjeringa hatt eit særskilt fokus på barn og unges situasjon. Det er viktig for framtida at denne aldersgruppa kjem gjennom den vanskelege perioden på ein god måte. Særleg gjeld dette barn og unge som har tilleggsutfordringar av ulike slag. Statsforvaltaren skal saman med kommunane sikre at sårbare barn og unge blir skjerma mot inngripande smitteverntiltak så langt som mogleg.

## Bustadsosial innsats

Ansvar og oppgåver knytt til det bustadsosiale arbeidet er delt mellom fleire sektorar og forvaltningsnivå. Kommunane har hovudansvaret for å hjelpe vanskelegstilte på bustadmarknaden. Staten skal sikre gode rammevilkår. Frivillige og ideelle organisasjonar er viktige samarbeidspartnarar. Brukarar, pårørande og interesseorganisasjonar skal involverast.

Ansvaret for ein heilskapleg og tverrsektoriell bustadsosial innsats er heimla i ulike lover og vedtekter. [Husbanken](#) er ein sentral samarbeidspart for kommunane i innsatsen for å hjelpe vanskelegstilte på bustadmarknaden. [Statsforvaltaren](#) har i samband med dette ei viktig rolle knytt til samordning av sektorovergripande oppgåver og verkemiddel.



# 2

# Overordna prioriteringar

**Regjeringa har bestemt at FNs berekraftsmål skal vere det politiske hovudsporet for å ta tak i vår tids største nasjonale og globale utfordring. Oppdraget til kommunane blir å gi innhald til berekraftsmåla i eigen politikk gjennom god samfunns- og arealplanlegging.**

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019 - 2023 slår fast at planlegging er eit viktig verkemiddel for å oppnå berekraftsmåla. Det blir peika på at vi står overfor fire store utfordringar med å skape:

- eit berekraftig velferdssamfunn
- eit økologisk berekraftig samfunn gjennom mellom anna ein offensiv klimapolitikk og forsvarleg ressursforvaltning
- eit sosialt berekraftig samfunn
- eit trygt samfunn for alle

Regionale og lokale myndigheter har sentrale oppgåver med å handtere desse utfordringane.

I Møre og Romsdal har fylkeskommunen utarbeidd og vedtatt [Regional planstrategi](#) og [fylkesplan](#) med forankring i berekraftsmåla. I tillegg har Fylkestinget vedtatt at Møre og Romsdal skal vere berekraftsfylke nummer ein. På kommunalt nivå har kommunane tatt dei nasjonale føringane og FNs berekraftsmål med i eigen planstrategi. Kommunane må legge dette til grunn i sitt vidare plan- og utviklingsarbeid.

## Berekraftige kommunar – FNs berekraftsmål

FNs 17 berekraftsmål er verda sin felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, kjempe




mot ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030. Dei blei vedtatt i 2015 og det er mindre enn ti år til måla skal vere oppnådd. Regjeringa har sett i gang eit arbeid med ein nasjonal handlingsplan som kjem som eiga stortingsmelding våren 2021.

Berekraftig utvikling handlar om å ta vare på behova til menneske som lever i dag, utan å øydelegge moglegheitene for framtidige generasjonar.

Dei 17 berekraftsmåla reflekterer dei tre dimensjonane i berekraftig utvikling: klima og miljø, økonomi og sosiale forhold. ([FNs berekraftsmål](#))

Statsforvaltaren ser at mange kommunar i Møre og Romsdal i 2020 har tatt berekraftsmåla inn i den kommunale planlegginga gjennom arbeidet med kommunale planstrategiar for planperioden 2020 – 2023, og vidare i samband med rullering av kommuneplanens samfunns- og arealdel.



## Samskaping - Samarbeid for å nå måla

I tillegg til dei tre dimensjonane i berekraftig utvikling, kan berekraftsmål nr. 17 omtalaast som ein fjerde dimensjon. Samarbeid på tvers av samfunnsaktørar blir avgjeraande. Offentleg forvaltning, næringsliv, kultur, lag og organisasjonar og innbyggjarar må alle vere aktørar i dette samarbeidet for å samskape ei berekraftig framtid for alle.

## Miljømessig berekraft

*Reint vatn og gode sanitærforhold, Stoppe klimaendringane, Livet i havet og Livet på land*, blir omhandla under ulike tema i dette forventningsbrevet. Felles for desse berekraftsmåla er å sikre at natur og miljø blir ivaretatt og forvalta i eit langsigktig perspektiv.

## Sosial berekraft

Berekraftsmåla som er samla under sosial berekraft er viktige byggesteinlar for eit mangfaldig samfunn som har plass til alle. Pandemisituasjonen har vist at dette er faktorar som er viktige for å sikre livskvalitet og gode levekår.

## Økonomisk berekraft

Økonomisk berekraft tar opp i seg samfunnsøkonomiske perspektiv som må vere til stades for å skape ei berekraftig økonomisk utvikling.

Frå fleire hald blir det peika på at kommunane i Norge har oppnådd målsettinga på nokre av berekraftsmåla. Det kan vere tilfellet, men det står mykje arbeid att før vi har eit berekraftig samfunn som vil sikre livsgrunnlaget for komande generasjonar.

Dei tre berekraftsdimensjonane gir berre mening for samfunnsutviklinga samla sett. For å oppnå målsettinga om å utrydde fattigdom, kjempe mot ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030, krevst det innsats frå alle slik FNs berekraftsmål 17 gir uttrykk for.

## 17 SAMARBEID FOR Å NÅ MÅLA



6 REINT VATN OG GODE SANITÆRFORHOLD



13 STOPPE KLIMAENDRINGANE



14 LIVET I HAVET



16 FRED, RETTFERD OG VELFUNGERANDE INSTITUSJONAR



1 UTRYDDE FATTIGDOM



2 UTRYDDE SVOLT



3 GOD HELSE OG LIVSKVALITET



4 GOD UTDAKNING



5 LIKESTILLING MELLOM KJONNA



7 REIN ENERGI TIL ALLE



11 BEREKRAFTIGE BYAR OG LOKALSAMFUNN



16 FRED, RETTFERD OG VELFUNGERANDE INSTITUSJONAR



8 ANSTENDIG ARBEID OG ØKONOMISK VEKST



9 INDUSTRI, INNOVASJON OG INFRASTRUKTUR



10 MINDRE ULIKSKAP



12 ANSVARLEG FORBRUK OG PRODUKSJON




Berekraftsfylket Møre og Romsdal

Møre og Romsdal 2025 er eit samarbeidsprosjekt i offentleg sektor for å utvikle Møre og Romsdal fram mot 2025. Ei av satsingane i samarbeidet er Berekriftsfylket Møre og Romsdal.

Fagleg er Berekraftfylket ein del av Det norske bærekraftløftet, eit nasjonalt samarbeidsforum for norske kommunar og fylkeskommunar som arbeider med berekraft med basis i det FN-støtta programmet U4SSC (United for Smart and Sustainable Cities).

Fylkeskommunen samordnar prosjektet Berekraftfylket Møre og Romsdal, og bykommunane Ålesund, Molde og Kristiansund har sentrale roller i arbeidet med fagleg utvikling og samordning av til dette arbeidet.




Kartlegging av lokal berekraft - KPI

Det har i 2020 blitt arbeidd med kartlegging og innhenting av data til indikatorane (KPI) gjennom programmet U4SSC for alle kommunane i Møre og Romsdal. Dei fleste kommunane er ferdig med kartlegginga og har fått sine resultat godkjende. Nokre kommunar får sine indikatorar ferdig kvalitetssikra og godkjende i FN-systemet i løpet av kort tid.

Resultata vil vere eit godt grunnlag for planlegging av vidare omstilling og samfunnsutvikling med grunnlag i dei 17 berekraftsmåla. Prosjektet Berekraftsfylket vil tilby ein gjennomgang av resultata frå kartlegginga til alle kommunane i fylket.

Arbeidet med kartlegging av indikatorar som grunnlag for vidare samfunns-planlegging vil halde fram i 2021.



Kilde: U4SSC Factsheet | Ålesund, Norway | June 2020, s. 11

# 3

# Statsforvaltarens forventningar til kommunane

***Statsforvaltaren har både reine fagoppgåver for fagdepartement/direktorat og meir generelle/samordna statsoppgåver. Dei fleste oppgåvene er i hovudsak retta mot kommunane i fylket. Dette kapittelet omhandlar Statsforvaltaren sine forventningar til kommunane knytt til ulike fagområde.***

Statsforvaltarens samordningsansvar gjeld tverrsektoriell samordning av statlege styringssignal retta mot kommunesektoren, og omfattar samordning mellom sektorar og forvaltningsnivå. Samordningsansvaret gjeld også i forhold til andre regionale statsetatar i fylket med oppfølgingsansvar overfor kommunesektoren.

Kommunen skal fungere i spenningsfeltet mellom lokalsamfunnets behov for å styre eiga utvikling, og statens behov for å

implementere nasjonal politikk på lokalt nivå med lokal medverknad. Kommunen skal såleis kunne ivareta både ein sjølvstyrefunksjon og ein forvaltningsfunksjon. Eit sentralt mål i Statsforvaltarens samordningsverksemd er å ivareta kommunen sin moglegheit til å gjere lokale politiske prioriteringar.

Den kommunale handlefridomen skal også sikrast ved at summen av oppgåver pålagt den enkelte kommune ikkje skal overstige ressursane.

## 3.1 Plansamordning og kommunal planlegging

***Statsforvaltaren har både reine fagoppgåver for fagdepartement/direktorat og meir generelle/samordna statsoppgåver. Dei fleste oppgåvene er i hovudsak retta mot kommunane i fylket. Dette kapittelet omhandlar Statsforvaltaren sine forventningar til kommunane knytt til ulike fagområde.***

### Nasjonale rammer og føringar med kopling til FNs berekraftsmål

Regjeringa skal kvart fjerde år legge fram nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging for å fremje ei berekraftig utvikling i heile landet, jf. [plan- og bygningslova § 6-1](#). Dei nasjonale forventningane skal følgjast opp i arbeidet med planstrategiar og planar i fylkeskommunane og

kommunane, og ligg til grunn for dei statlege myndighetene sin medverknad i planlegginga. [Nye nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019 - 2023](#) peikar på at dei 17 berekraftmåla til FN, som Noreg har slutta seg til, skal vere grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga.

## **Kommunal planstrategi er første ledd i kommunens langsiktige samfunnsplanlegging**

Arbeidet med kommunal planstrategi gir kommunane nyttig oversikt over eigen planportefølje sett i forhold til status, utviklingstrekk og utfordringar på viktige samfunnsområde. Planstrategien er ei viktig plattform for oppstart og vidare arbeid med rullering av kommuneplanens samfunnsdel.

Arbeidet med eit samla utfordringsbilde og kunnskapsgrunnlag vil vere eit viktig utgangspunkt for arbeidet med den kommunale planstrategien. Fylkeskommunens arbeid med [Regional planstrategi](#) og [Fylkesplan](#) for berekraftsfylket Møre og Romsdal vil også vere ein nyttig referanse. Saman med ny utgåve av [Fylkesstatistikk](#), [Kommunestatistikk](#) og [Folkehelsestatistikk](#), samt dokumentet [Utfordringar og moglegheiter for Møre og Romsdal mot 2030](#) vil dette vere eit viktig kunnskapsgrunnlag for vidare planarbeid i kommunane.

## **Kommuneplanen som lokalpolitisk styringsverktøy**

Kommuneplanen som strategisk styringsverktøy i kommunalt utviklings- og omstillingsarbeid er styrka. Kommuneplanen med samfunns- og arealdel er kommunens viktigaste verktøy for samordna pan- og utviklingsarbeid. Kopling til FNs berekraftsmål med vidare utvikling av lokale mål, strategiar og tiltak står her sentralt.

Kommuneplanens samfunnsdel omhandlar langsiktige utfordringar når det gjeld mål og strategiar, både for kommunens rolle som samfunnsutviklar og som tenesteytar. Samfunnssdelen vil gjennom ein eigen handlingsdel vere direkte kopla til kommunens økonomiplansystem, og vil samstundes legge viktige rammer og føringar for vidare arbeid med kommuneplanens arealdel. Dersom kommuneplanens samfunnsdel skal vere eit viktig lokalpolitisk styringsverktøy, slik plan- og bygningslova og kommunelova legg til grunn, stiller dette krav om at planen er direkte knytt opp til valperiodane og kan vedtakast tidleg i perioden.

## **Samordning, dialog og samarbeid**

Kommunal planlegging etter plan- og bygningslova skal samordne både den fysiske, økonomiske, sosiale og kulturelle utviklinga i kommunen. Kommunane har i tillegg ansvar

for å sikre nasjonale og viktige regionale interesser i planlegginga. Statsforvaltaren si samordningsrolle er sentral, og opnar for dialog og samarbeid mellom Statsforvaltaren og kommunane knytt til ulike utviklings- og forvaltningsoppgåver. Ei viktig oppgåve er å bidra til å identifisere tiltak for effektive planprosessar og betre plankvalitet.

Statsforvaltaren vil i 2021 prioritere tett oppfølging av det strategiske kommuneplanarbeidet. Med utgangspunkt i vedtekne planstrategiar for perioden 2020 – 2023 er fleire kommunar ved inngangen til 2021 godt i gang med revisjon og oppdatering av sine kommuneplanar.

## **Krav om planfagleg kompetanse og kapasitet**

Kommunane har ansvar for at plan- og bygningslovas formelle krav til prosess og innhald er oppfylt i planarbeidet. Det er viktig at den kommunale samfunns- og arealplanlegginga er basert på eit oppdatert kunnskapsgrunnlag og nødvendig plankompetanse. Det er ei klar forventning frå nasjonale og regionale planstyresmakter at utvikling og utbygging i kommunane skal vurderast og avklarast i samband med revisjon av kommuneplanen. For å sikre berekraftig samfunnsutvikling og arealforvaltning er det avgjerande at kommunane i 2021 prioritærer vidare arbeid med å få på plass oppdaterte kommuneplanar med samfunns- og arealdel.

## 3.2 Kommuneøkonomi og skjønnsmiddel

*Statsforvaltaren skal gi kommunane råd og rettleiing i økonomiforvaltninga, blant anna i regelverk, inntektssystem og statsbudsjettet. Statsforvaltaren tildeler kvart år skjønnsmidlar for å kompensere forhold som ikkje blir fanga opp i inntektssystemet. Det blir også tildelt skjønnsmidlar til omstillings- og fornyingsprosjekt. Statsforvaltaren fører kontroll med kommunens budsjett, økonomiplan og rekneskap, blant anna med omsyn til inn- og utmelding av ROBEK.*

### Kommuneøkonomi

Alle kommunane skal yte eit godt og berekraftig tenestetilbod til innbyggjarane. Eit samfunn i endring krev at kommunane må tilpasse nivået på tenestene og tilverke nye løysningar. Dette må kommunane gjere for å utnytte tilgjengelege ressursar på ein effektiv måte. I tillegg til eit godt lokaldemokrati, krev dette ei berekraftig forvaltning av kommuneøkonomien.

Ei stor utfordring for mange av kommunane i Møre og Romsdal er det høge gjeldsnivået. Dei fleste av kommunane har også eit netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter som er under det tilrådde nivået på 1,75 prosent av brutto driftsinntekter. Det vil seie at dei har eit kostnadsnivå som er for høgt i forhold til inntektsnivået.

Kommuneøkonomien har vore god dei siste åra med sterk inntektsvekst, mellom anna på grunn av auka skatteinngang, men blei sett på prøve i 2020 på grunn av koronapandemien. Det er forventa at det blir ei moderat inntektsutvikling i åra som kjem og at det vil bli trongare tider for kommuneøkonomien.

### Robek

Talet på Robek-kommunar er historisk lågt på landsbasis, med berre tolv kommunar. To av desse er i Møre og Romsdal. Vi ser dessverre at fleire kommunar har ein så stram kommuneøkonomi at om det ikkje vert tatt naudsynte grep, vil fleire kome på Robek i tida som kjem.

Kommunelova fører til at det blir tatt tidlegare grep. Dvs. at om ein kommune har eit meirforbruk på over 3 prosent av brutto driftsinntekter, så blir ein meldt inn på Robek med ein gong. Det skal framleis budsjetterast med balanse og meirforbruk skal dekkast inn. Tidsfristane for inndekning er vidareført, men

inndekninga kan ikkje lenger utsetjast dersom kommunen har midlar på disposisjonsfond. Statsforvaltaren vil ta kontakt med dei kommunane som er i faresona mot Robek etter at årsrekneskapen er lagt fram.

### Finansielle måltal

Det er eit krav i kommunelova at kommunestyret har plikt til å vedta finansielle måltal. Måltala kan brukast som eit verktøy for den kortsiktige og langsiktige styringa av kommunen sin økonomi. Statsforvaltaren rår til at kommunane set seg minimum følgjande finansielle måltal:

- eit netto driftsresultat av brutto driftsinntekt på minimum 1,75 prosent (jf. tilråding frå Teknisk Beregningsutvalg)
- bygg opp eit disposisjonsfond over tid på minst 5-10 prosent av brutto driftsinntekt som ein buffer for uførutsette hendingar
- har eit eigenkapitalkrav ved investeringar
- har eit forsvarleg gjeldsnivå

Fleire av kommunane i fylket ligg over landsgjennomsnittet i lånegjeld og vi har kommunar som ligg heilt i landstoppen når gjelda blir samanlikna med driftsinntektene (brutto gjeldsgrad). Høgt gjeldsnivå fører til at kommunen sin økonomi blir meir sårbar for rentehevingar og lågare inntektsvekst. Mange av kommunane har også svake netto driftsresultat og lite oppsparte midlar på disposisjonsfond. Det er viktig å legge til rette for berekraftige kommunar som er økonomisk robuste for framtida.

### Kommune – Stat - Rapportering - KOSTRA

KOSTRA er ein database som fortel om kommunar og fylkeskommunar si verksemd. Det er viktig at KOSTRA-rapporteringa blir utført korrekt, slik at data er pålitelege og samanliknbare. Nokre av KOSTRA-

opplysningsane blir også brukt som kriteriedata til utrekning av rammetilskotet til kommunane. Vi ber kommunane kvalitetssikre at opplysningsane er riktig innrapportert.

### Skjønnsmidlar

Formålet med skjønnsmidlane er å fange opp forhold som ikkje blir godt nok ivaretatt i inntektssystemet og andre tilskotsordningar. Skjønnsmidlane skal også gå til fornying og utvikling i kommunane. For 2021 er det 54 millionar til fordeling og 45 millionar er allereie fordelt på følgande område:

- Ordinære skjønnsmiddel - prioriterte område. Dette omfattar mellom anna ressurskrevjande tenestemottakarar, barnevern, skyss av helsepersonell og språkdeling.
- Fylkesløft/Prosjektskjønn. Målet med prosjektskjønnsmidlane er at kommunar kan prøve ut nye løysingar i eigen kommune eller saman med andre og som kan løfte alle kommunane i fylket. Derav namnet

Fylkesløft. Etablering av regionvise plannettverk med plankoordinatorar er eit godt eksempel. Her ga vi skjønnsmidlar over tre år, slik at kommunane fekk planarbeidet raskt på plass. Alle kommunane er godt i gang med planstrategien og har no begynt på arbeidet med samfunnsplanen.

- Statsforvaltaren i Møre og Romsdal ser på arbeidet i ung entreprenørskap (UE) som viktig for utviklinga i fylket vårt. Fylkeskommunen er allereie tungt inne i dette, og Statsforvaltaren vil no gjere det mogleg for kommunane å søke skjønnsmidlar for gjennomføring av programmet på grunnskolenivå (2021-2023).

Søknadsfristen for skjønnsmidlane for 2022 er 1. juni i 2021 med ei ramme på om lag 50 millionar. Det vil bli sendt ut brev til kommunane om søknadskriteria tidleg i mars 2021.

## 3.3 Rett saksbehandling gir rettstryggleik

Kommunane gjer ei rekke enkeltvedtak på fleire område. Statsforvaltaren er klageinstans for fleire av desse vedtaka. Som klageinstans er vi opptatt av at rettstryggleiken for den enkelte skal vere ivaretatt. Reglane i forvaltningslova, saman med utfyllande reglar i særlovgivinga, utgjer eit viktig grunnlag for rettstryggleiken.

Vi ser i ein del tilfelle at grunnleggande reglar om saksbehandling ikkje blir følgde. Dette gjeld både når det blir gjort enkeltvedtak, men også i samband med kommunen si førebuande klagebehandling før saka blir sendt til Statsforvaltaren. Retting av feil kan føre til at saksbehandlingsstida blir unødig lang, og få uheldige utslag ved at enkeltpersonar ikkje får ivaretatt sine rettigheter.

Hovudregelen er at partar skal varslast før kommunen gjer enkeltvedtak. Dette skal gi partane høve til å kome med sitt syn på saka før vedtaket blir gjort. Bakgrunnen for dette er at partane skal få ivareta sine interesser, og at saka skal vere tilstrekkeleg opplyst. Kommunen vil da ha eit betre grunnlag for å vurdere saka og gjere riktige vedtak.

Det er vidare eit generelt prinsipp at saka skal vere så godt opplyst som mogleg før kommunen gjer vedtak. Kva som vil vere godt nok vil variere ut frå kva saka gjeld. Dess meir inngripande eit vedtak vil vere for ein part, dess større krav vil bli stilt til saksutgreiinga.

Ein feil vi som klageinstans ofte ser er at kommunen ikkje i tilstrekkeleg grad har grunngitt sine vedtak. Eit godt grunngitt vedtak vil i større grad sette partane i stand til å forstå vedtaket og kva omsyn som ligg til grunn for avgjerdha. Dette vil også gjere det enklare for partane å vurdere om ein skal nytte sin klagerett. Særleg i saker der avgjerdha ligg til det kommunale sjølvstyret, vil kommunen si grunngiving vere sentral. For at vi som klageinstans skal kunne vektlegge det

kommunale sjølvstyre i vår prøving av saka, er det ein føresetnad at kommunen synleggjer kva ein har lagt vekt på i sine vurderingar.

Når enkeltvedtak blir påklaga skal klagen først behandlast av kommunen, som skal ta stilling til innhaldet i klagen og om ein finn grunn til å ta denne til følgje. Særleg i dei tilfelle der det kjem fram nye moment i klagen, som ikkje har vore drøfta tidlegare i saksbehandlinga, er det viktig at kommunen tar stilling til desse klagepunktta og vurderer om dette har betydning for utfallet av saka.

Dersom reglar om saksbehandling ikkje blir følgde, kan dette resultere i saksbehandlingsfeil ved vedtaket, som igjen kan føre til at vedtaket blir ugyldig. Brot på saksbehandlingsreglar kan vidare føre til at vi som klageinstans må oppheve kommunens vedtak, på grunn av at saka ikkje er tilstrekkeleg opplyst til at vi kan treffe endeleg vedtak.

Statsforvaltaren vil understreke betydninga av at kommunane følgjer saksbehandlingsreglane, for å sikre rettstryggleiken for den enkelte.

## 3.4 Oppvekst og utdanning

*Statsforvaltaren skal bidra til at den nasjonale utdanningspolitikken blir følgd opp av fylkeskommunale, kommunale og private skoleeigarar. Alle kommunar har ei lovfesta plikt til å tilby nok barnehageplassar, og kommunane har også ansvar for å finansiere barnehagane. Statsforvaltaren skal medverke til å nå dei nasjonale måla for barnehagepolitikken.*

Gjennom tidleg innsats, inkludering og eit godt tilpassa pedagogisk tilbod skal kommunane i 2021 forbetre utdanningssystemet.

Ny barnevernreform trer i kraft i 2022 og kommunane skal planlegge og førebu for denne.

### Sårbare barn og unge

Kommunane skal skjerme sårbare barn og unge mot inngripande smitteverntiltak så langt som mogleg. Skolar og barnehagar skal so langt råd er vere opne, og andre tenester retta mot barn og unge skal vere tilgjengelege.

Skolar og barnehagar har ei sentral rolle i å identifisere og følgje opp utsette barn og unge. Eit tverrfagleg samarbeid er særleg viktig under pandemisituasjonen.

Kommunane må sikre at barn og unge får eit forsvarleg tilbod under pandemien. Det er viktig at skolane og barnehagane er merksam på barn og unge som under normale forhold ikkje ville ha vore utsett, men som har blitt det som konsekvens av pandemien.

### Psykososialt barnehage- og skolemiljø

Statsforvaltaren forventar at skolar og barnehagar arbeider førebyggjande og systematisk for eit trygt og godt barnehage- og skolemiljø. Kommunane må sørge for å ha kompetanse som sikrar dette.

Frå 1. januar 2021, fekk barnehagen eit nytt regelverk for barnehagemiljøet som skal sørge for at alle barn får ein trygg og god barnehagekvardag. Barnehagen si aktivitetsplikt utgjer

- å følgje med
- å melde frå
- å undersøke
- å setje inn tiltak
- å lage ein skriftleg plan.

Dersom eit barn ikkje har det bra i barnehagen, må barnehagen lage ein skriftleg plan for å sikre at barnet får ein trygg barnehagekvardag. For å sikre elevane sin rett til eit trygt og godt skolemiljø har skolen ei aktivitetsplikt etter opplæringslova § 9 A-4. Formålet med aktivitetsplikta er å sikre at skolane handlar raskt og riktig når ein elev ikkje har det trygt og godt på skolen.

Skolen si aktivitetsplikt er delt i fem delplikter;

- å følgje med
- å gripe inn
- å varsle om dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø
- å undersøkje
- å setje inn egna tiltak som sørger for at eleven får eit trygt og godt skolemiljø.

Statsforvaltaren forventar at kommunane held fram arbeidet med å sikre at elevane har det trygt og godt på skolen sjølv om vi har ein pandemi. Skoleeigarar og skoleleiarar må sørge for å ha kompetanse som sikrar eit trygt og godt skolemiljø.

## Kompetanseutvikling i barnehagar og skolar

Kommunane som barnehage- og skoleeigarar har ansvar for å sikre system for å kartlegge, analysere og vurdere kompetansebehov i sine verksemder i tråd med lokale behov.

Frå 2021 skal Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis bli ein del av den nye tilskotsordninga for lokal kompetanseutvikling. Målgruppa er tilsette i barnehage og skole, barnehage- og skoleeigarar, tilsette i PP-tenesta og andre tverrfaglege tenester i kommunane og fylkeskommunane. Kompetanseløftet skal sørge for at alle born og elevar opplever å få eit godt tilpassa og inkluderande tilbod i barnehage og skole. Kompetanseløftet skal sikre naudsynt overføring av kompetanse frå Statped. Kommunane skal sikre at barnehage- og skolebaserte kompetansetiltak blir gjennomført i partnerskap mellom barnehage- og skoleeigarar, og universitet og høgskolar.

## Formell utdanning for lærarar

Det blir i 2025 lovfesta nye krav til kompetanse for lærarar. Statsforvaltaren forventar at skoleeigar sikrar at lærarane får nødvendig kompetanseheving. Staten har gode vikar- og stipendordningar slik at lærarar i åra som kjem kan ta formell utdanning.

## Tar i bruk ny rammeplan for SFO

Hausten 2021 skal skolefritidsordninga ta i bruk ny rammeplan. Målet med den nye rammeplanen er å få ei meir likeverdig skolefritidsordning. Rammeplanen skal legge til rette for leik, kultur og fritidsaktivitetar, i tillegg til å gje borna omsorg og tilsyn. Barn

med nedsett funksjonsevne skal få gode utviklingsvilkår. Statsforvaltaren forventar at kommunane ser til at den nye rammeplanen vert følgd.

## Tidleg innsats og spesialpedagogisk hjelp

Kommunane må sjå til at alle barn og unge i barnehagar og skolar får den tilrettelagte hjelpa dei treng, og at spesialpedagogiske tiltak blir utført av vaksne med relevant kompetanse. Tidleg innsats, inkludering og eit godt tilpassa pedagogisk tilbod er berande prinsipp for regjeringa sitt arbeid med å forbetre utdanningssystemet vårt.

## Barnevern

Den europeiske menneskerettsdomstol (EMD) har avsagt fleire dommar som gir føringar for norsk barnevernpraksis. Statsforvaltaren forventar at kommunane tilpassar sin praksis i samsvar med dommane. Dette gjeld særleg vurdering av behov for å justere samvær mellom barnet og foreldra.

Barnevernreforma trer i kraft frå 2022. Målet med reforma er at fleire utsette barn og familiar får den hjelpa dei treng på eit tidleg tidspunkt. Reforma regulerer i utgangspunktet barnevernet, men måla i reforma blir nådd gjennom endringar i heile oppvekstsektoren i kommunane. Barnevernsreforma bør sjåast på som ei oppvekstreform, der kommunane legg til rette for tverrfagleg samhandling mellom ulike kommunale teneste og nivå.

Reforma gir kommunane eit større ansvar for barnevernet, både fagleg og økonomisk. Dette stiller krav til leiing i barnevernet og til kommunen si styring av barnevernet. Målretta, førebyggjande tiltak og tidleg innsats ikkje berre frå barnevernenesta, men også frå andre tenester med ansvar for barn og familiar, vil ha stor betydning for at reforma skal bli vellykka. Reforma regulerer i utgangspunktet barnevernet, men måla blir nådd gjennom endringar i heile oppvekstsektoren, og kan derfor omtalast som ei oppvekstreform.

Statsforvaltaren forventar at kommunane har god kvalitet i saksbehandlinga på hjelpetiltak, og i oppfølging av barn i fosterheimar. Talet på fosterheimar som er rekruttert i barnet si slekt eller barnet sitt nettverk skal aukast.

Regjeringa si kompetansesatsing for perioden 2018-24 skal gi kommunane støtte i utviklinga

av barnevernet i tråd med målsettinga for barnevernreforma. Læringsnettverk, der fleire kommunar samarbeider om utvikling av tiltak er eit av verkemidla i satsinga.

Nettverka samarbeider med lokale og regionale kompetansemiljø om utvikling og implementering av målretta og kunnskapsbaserte tiltak.

Statsforvaltaren forventar at alle tenestene i kommunen som har ansvar for utsette grupper, samarbeider om å yte rett og koordinert hjelp så tidleg som mogleg til barn og familiær som treng det. Statsforvaltaren vil særleg følgje opp samhandlinga mellom barnevern og psykisk helsevern.

## 3.5 Helse, sosial og omsorg

*Statsforvaltaren skal medverke til gjennomføring av nasjonal politikk i helse-, sosial- og omsorgssektoren regionalt, og iverksetting av sektorpolitikken lokalt. Gjennom informasjon, tilsyn og klagebehandling gir Statsforvaltaren råd og rettleiing innan helse-, sosial- og omsorgslovgivinga.*

### Helseplattforma

For å lykkast med målsettinga «[Én innbygger – én journal](#)» er det avgjerande at arbeidet med [Helseplattformen](#) er forankra i leiinga på alle nivå, og at det blir arbeidd aktivt med planar for utrullering og implementering av det nye systemet.

### Helsefellesskapet

Etablering av helsefellesskap er eit hovudgrep i [Nasjonal helse- og sykehøysplan 2020-2023](#), for å bidra til meir samanhengande og berekraftige helse- og omsorgstenester. I helsefellesskapet skal representantar frå helseføretak, tilhøyrande kommunar, fastlegar og brukarar møtest for å planleggje, og saman utvikle tenestene. Statsforvaltaren skal medverke til, og følge med på framgangen i arbeidet.

### Kompetanse, kapasitet, heiltidskultur

[Kompetanseløftet 2025](#) er Regjeringa sin nye handlingsplan for rekruttering, fagutvikling og kompetanseheving i dei kommunale helse- og omsorgstenestene, og i den fylkeskommunale tannhelsetenesta. Kompetanseløftet skal bidra til ei fagleg sterk teneste og sikre tilstrekkeleg kompetent bemanning.

Ei ny føring for 2021 peikar på at kommunar som omstiller seg i tråd med [Leve hele livet](#), skal prioritera. Statsforvaltaren forventar at kommunane gjennomfører ei langsiktig og heilsakleg planlegging knytt til kapasitet, kompetanse og kvalitet i tenestene i heile helse- og omsorgssektoren.

### Fastlegeordninga

For å møte utfordringane treng vi fagleg sterke allmennlegetenester og ei attraktiv og robust fastlegeordning. Kombinasjonen av demografisk utviking og sårbar rekruttering legg press på fastlegeordninga i kommunane. Statsforvaltaren ber kommunane å følgje opp underdekning av fastlegar og ledige plassar på opne fastlegelister. Vi viser til regjeringa sin [handlingsplan for allmennlegetenesta](#).

### Demensplan 2025

Ny [Demensplan 2025](#) er regjeringa sin femårsplan for å betre tenestetilbodet, og skal bidra til eit meir demensvenleg samfunn. Framskrivningar syner at talet på personar med demenssjukdom i Møre og Romsdal vil auke med nær 84 prosent til 10 672 personar i perioden frå 2020 til 2040. Det utgjer om lag 3,8 prosent av samla innbyggjartal i fylket. På bakgrunn av framskrivningar av tal for eigen kommune, forventar Statsforvaltaren at kommunen gjennomfører langsiktig og heilsakleg planlegging for å møte dei store demografi- og demensutfordringane. Kommunane skal legge [Nasjonale faglege retningslinjer for oppfølging av demens](#) til grunn for arbeidet.

### Velferdsteknologi

Eit nasjonalt mål er at velferdsteknologi skal vere ein integrert del av tenestetilbodet på lik line med andre helse- og omsorgstenester i kommunane. Dei fleste kommunane har arbeidd godt med dette området, men ikkje

alle har kome like langt i etableringsarbeidet. Kommunane må følgje opp dette arbeidet og gjennomføre vidare satsing i tråd med nasjonale føringar, og Statsforvaltaren vil også i 2021 prioritere midlar frå kompetanse- og innovasjonstilskotet til dette.

## Akuttmedisinforskrifta

Overgangsordninga for kravet til kurs i akuttmedisin, valds- og overgrepshandtering for legar og anna helsepersonell er forlenga til 30.04.2021. Høve til å søkje om dispensasjon vart tatt bort 01.01.2020. Statsforvaltaren har starta dialog med Helsedirektoratet om korleis krav til kurs for LIS1-legar kan oppfyllast i pandemitida.

## Rettstryggleik og tvang

Å yte helsehjelp eller omsorgstenester ved bruk av tvang er eit inngrep i pasienten sin sjølvråderett. Statsforvaltaren skal bidra til at kommunane etterlever krav om systematisk arbeid med kvalitetsforbetring og pasient- og brukartryggleik, og vil ha ei viktig rolle i samband med iverksetjing og oppfølging av tiltak i [Nasjonal handlingsplan for pasientsikkerhet og kvalitetsforbedring](#). Kompetanse og merksemd frå kommunaleiinga er viktig for å få gode tenester i tråd med lovverket.

## Krisesenter

Kommunen må i samarbeide med krisesenteret få på plass handlingsplanar for vald i nære relasjonar, og sørge for at planane er godt kjent og blir brukt i aktuelle tenester. Statsforvaltaren har gitt skjønsmidlar til dette arbeidet. Vidare må kommunen sjå etter at krisesentertilbodet også retter søkjelyset mot barn, kvinner og menn i reetableringsfasen, og at kontakt med aktuelle deler av tenesteapparatet blir oppretta.

Tilsette i kommunen må gjerast kjend med Barne- og familieliderekoratet sin [faglege rettleiar for innhaldet i krisesentertilbodet](#).

## Sosiale tenester i NAV

Føremålet med Lov om sosiale tenester i NAV er å betre levekåra for vanskelegstilte, bidra til sosial og økonomisk tryggheit, og fremje overgang til arbeid, sosial inkludering og aktiv deltaking i samfunnet. Lova gir kommunen i NAV eit særleg ansvar for førebyggjande arbeid for å hindre utvikling av sosiale problem, hjelpe folk ut av vanskelege livssituasjonar, arbeide mot fattigdom og gjere folk i stand til å leve

sjølvstendige liv. Partnarskapet i NAV skal sikre eit samordna tenestetilbod i kommunen. Eit aktivt, likeverdig og forpliktande samarbeid mellom kommune og stat er ein føresetnad for utvikling av eit myndig og løysingsdyktig NAV-kontor.

Svekka arbeidsmarknad på grunn av pandemisituasjonen aukar risikoen for at fleire kan kome i ein vanskeleg økonomisk situasjon. Som følgje av dette skal innsats på området økonomisk rådgiving prioriterast i 2021. Statsforvaltaren forventar at kommunane sørger for at dei kommunale sosiale tenestene er tilgjengelege, og at dei systematisk sørger for at barneperspektivet blir ivaretatt gjennom NAV.

## Kommunalt rusarbeid

Opptrappingsplanen for rusfeltet 2016-2020 blir no avslutta. Planen har hatt eit nasjonalt økonomisk løft på 2,4 milliardar kroner. Midlane har styrka arbeidet i kommunane, spesialisthelsetenesta, Husbanken og fleire kompetansesenter knytt til denne målgruppa.

I Møre og Romsdal er det i denne perioden betalt ut kr 121 mill i tilskot til kommunane. I tillegg har det vore ei samla auke i rammetilskot/frie inntekter gjennom perioden på 48 millionar. Vi forventar vidare prioritering og utvikling knytt til rusarbeidet i kommunane. Det er framleis mogleg å søkje tilskot for stillingar, og kommunane blir oppmoda om å vidareføre satsing knytt til utvikling av kompetanse og innovative tenestetilbod.

## Nasjonal strategi for førebygging av sjølvmort

[Regjeringas sin handlingsplan for førebygging av sjølvmort \(2020-2025\)](#) innfører ein nullvisjon for sjølvmort - Ingen å miste. Nullvisjonen er på samfunnsnivå og sjølvmortsførebygging er eit felles ansvar for samfunnet og for tenestene. Statsforvaltaren tilrar kommunane å utarbeide ein plan for førebygging, tidleg identifisering og oppfølging av sjølvskading og sjølvmortsforsøk.

Arbeidet krev ei tverrfagleg tilnærming frå mellom anna fastlegar, kommunepsykologar, helsestasjons- og skolehelseteneste, psykisk helse- og rusteneste. Planen bør legge til rette for god samhandling internt i kommunen og mellom kommunen og spesialisthelsetenesta.

## 3.6 Folkehelse, livsløp og velferd

Folkehelsearbeid er samfunnet sin samla innsats for å påverke aktørar som direkte eller indirekte fremmar helse og trivsel i befolkninga, førebygger psykisk og somatisk sjukdom, skade eller liding, eller som beskyttar mot helsetruslar. Folkehelsearbeidet skal arbeide for ei jamnare fordeling av dei faktorane som direkte eller indirekte har innverknad på helsa.

Nasjonale og regionale rammer og føringar har løfta fram folkehelse som eit prioritert satsingsområde. Folkehelselova (Lov om folkehelsearbeid) gir viktige rammer og føringar for det kommunale folkehelsearbeidet. Dette arbeidet må vere kunnskapsbasert og tverrsektorelt for å kunne skape eit trygt samfunn og gi moglegheit til å ta helsevenlege val. FN sine berekraftsmål vil kunne leggast til grunn for planleggingsarbeidet i kommunane. Sosial berekraft står sentralt, men må sjåast i samanheng med miljømessig og økonomisk berekraft for å nå måla folkehelsearbeidet.

Mange forhold påverkar innbyggjarane si helse, og god oversikt bidrar til eit meir treffsikkert folkehelsearbeid. Folkehelselova krev at kommunen skal ha nødvendig oversikt over befolkninga sin helsetilstand og kva som kan styrke og svekke denne. Ei slik tverrfagleg folkehelseoversikt skal utarbeidast kvart fjerde år som del av kunnskapsgrunnlaget for den kommunale planstrategien og som utgangspunkt for mål, strategiar og tiltak i vidare kommunalt plan- og utviklingsarbeid.

I 2020 kom regjeringa sin handlingsplan for fysisk aktivitet; Sammen om aktive liv. Nasjonal handlingsplan for fysisk aktivitet 2020 – 2029. Planen formidlar fysisk aktivitet som ei nasjonal interesse som bør følgast opp gjennom den kommunale samfunns- og arealplanlegginga. Ei viktig oppgåve for kommunane vil her vere å legge til rette for gå- og aktivitetsvenlege bu- og nærmiljø, og at det blir lagt til rette for etablering og vidare utvikling av leikeområde, natur- og friluftsområde, parkar og uteområde i den kommunale planlegginga.

### Psykisk helse i folkehelsearbeid

Psykisk helse skal inngå som del av folkehelsearbeidet. Det inneber at folkehelsepolitikken må rette større merksemrd mot faktorar som påverkar den psykiske helsa i befolkninga. Det gjeld levekår, barnehage, skole og skolemiljø, arbeid og arbeidsmiljø, frivillig deltaking og forhold i nærmiljøet. Gode

oppvekst- og læringsmiljø står sentralt for å kunne førebygge psykiske problem blant barn og unge. I 2019 kom både [Opptrappingsplan for barn og unges psykisk helse \(2019-2024\)](#) og nasjonal fagleg retningslinje [Tidlig oppdagelse av barn og unge](#).

### Universell utforming

Universell utforming er ein nasjonal strategi for å gjere samfunnet tilgjengeleg for alle. Prinsippa om universell utforming er nedfelt i formålsparagrafen i [plan- og bygningslova § 1-1](#). Arbeid med kommuneplanens samfunnsdel er eit godt tidspunkt for å følge opp universell utforming av strategiske val som ledd i samfunnsutviklinga, sektorane si verksemd på dette feltet og behovet for særskilte grep når det gjeld vidare planlegging; jf. kap. 3.1. Dette vil kunne omfatte spørsmål om lokalisering og utbyggingsmønster i forhold til næringsutvikling, bustad, samferdsel, utdanning, arbeid, fritid, tettstadutvikling m.v.

### Barn og unge

God og gjennomtenkt planlegging med deltaking frå alle aldersgrupper er nødvendig for å skape gode lokalmiljø og trygge oppvekstvilkår. I [FNs barnekonvensjon](#) (art. 12) heiter det i forenkla versjon: «barnet har rett til å seie meininga si i alt som kjem det ved, og barnet sine meiningar skal det leggjast vekt på».

For at FNs barnekonvensjon skal følgjast opp i praksis, må samfunnet legge til rette for aktiv deltaking og medverknad frå barn og unge, og sørge for at deira syn blir ivaretatt. Statsforvaltaren minner om den særskilte ordninga som skal ivareta barn og unges interesser jf. [Plan- og bygningslova § 3-3](#). Vi oppmodar kommunen om å følge tilrådinga som ligg i ny [rettleiar for barn og unge i plan og byggesak](#) i samband med oppfølging av denne lovpålagde oppgåva.

I ny kommunelov skal alle kommunar no etablere ungdomsråd, på lik linje med eldreråd

og råd for funksjonshemma. Kommunen har her ei viktig oppgåve - å legge til rette for at ungdomsrådet får den opplæringa og oppfølginga dei treng.

### **Leve heile livet, ei kvalitetsreform for eldre**

Den demografiske utviklinga fører til store endringar i befolkninga. Ei viktig oppgåve for kommunane er å planlegge og legge til rette for aldersvenlege samfunn som kjem heile befolkninga til gode. Eit lokalsamfunn som er trygt, inkluderande og tilgjengeleg for eldre vil også gjelde for barn og unge, og vil kunne legge grunnlaget for betre livskvalitet for alle innbyggjarar.

[Leve heile livet \(2019-2023\)](#) er ei nasjonal kvalitetsreform for eldre over 65 år. Reforma legg til grunn at alle sektorar bidrar til å skape eit meir aldersvennleg samfunn der eldre kan vere aktive og sjølvstendige. Det er lagt opp til at kommunestyra skal behandle og vedta korleis løysingane i Leve heile livet kan utformast i planverk og gjennomførast lokalt basert på analyse av eigne utfordringar og behov. Meir informasjon er tilgjengeleg på [Ressursportalen.no](#)

For å bli prioritert innanfor dei ulike tilskotsordningane knytt til kvalitetsreforma ligg det føre ei forventning om at kommunane innan utgangen av 2021 kan vise til politisk vedtekne planar for korleis innsatsområde og løysningar skal gjennomførast lokalt. Kommunane skal synleggjere korleis reforma er tenkt integrert i kommuneplanen sin samfunnsdel. Kommunane må også vise til deltaking eller planlagt deltaking i regionale nettverk for Leve heile livet for erfaringsdeling og gjensidig støtte og bistand.

### **Bustadsosial satsing**

Ansvaret for ein heilskapleg og tverrsektoriell bustadsosial innsats er heimla i ulike lover vedtekter. [Lov om folkehelsearbeid](#) skal bidra til ei samfunnsutvikling som fremmer folkehelse og jamnar ut sosiale helsekilnader. Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen regulerer kommunale oppgåver og tenester som NAV-kontoret skal utføre. Lov om planlegging og byggesaksbehandling skal fremme berekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar. Lova skal bidra til god forming av bygde omgivnader, gode buminljø og gode oppvekst- og levekår i alle

deler av landet. Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester regulerer kommunens ansvar for å sørge for at personar som oppheld seg i kommunen, får tilbod om naudsynte helse- og omsorgstenester.

Statsforvaltaren har ansvar for å koordinere sektorovergripande oppgåver og verkemiddel, koordinere regionale fora for bustadsosiale problemstillingar, legge til rette for at kommunane tar bustadsosiale omsyn i heilskapleg communal planlegging, og medverke til at innhaldet i veiviseren.no og rettleiar for bustadsosialt arbeid på nett, blir kjent i kommunane.

Husbanken har økonomiske verkemidlar som bustøtte, tilskot til etablering, startlån, tilskot og lån til utleigebustader, tilskot til tilpassing og bustadsosialt kompetansetilskot. Husbanken har dei siste åra inngått langsignt og forpliktande samarbeid med kommunar med store bustadsosiale utfordringar. Regjeringa har nyleg lagt fram Nasjonal strategi for den sosiale boligpolitikken 2021 – 2024 Alle trenger et trygt hjem. Den nye strategien bygg vidare på erfaringar, tiltak og strukturar som er utvikla under satsinga Bustad for velferd 2014 – 2020.

## 3.7 Miljøvern, natur- og arealforvaltning

*Statsforvaltaren skal medverke til gjennomføring av den nasjonale miljøvernpolitikken. Arbeidet er forankra i lover, forskrifter og retningslinjer. Miljøverndepartementet og Miljødirektoratet er oppdragsgivarar i dette arbeidet. Kommunane står sentralt i miljøvernarbeidet. Rettleiing og oppfølging av kommunane er ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren. Vi samarbeider også nært med andre statlege styresmakter, fylkeskommunen og frivillige organisasjonar.*

### Klima- og miljøomsyn i planlegginga

Kommunen må ha god kjennskap til nasjonale og vesentlege regionale miljøinteresser i samband med den kommunale arealplanlegginga. Rundskriv T-2/16 gjer det klart korleis kommunen kan legge ut areal til bruk som ikkje er i strid mot nasjonale og viktige regionale interesser på klima- og miljøområdet. Statsforvaltaren ynskjer tidleg og god dialog med kommunen for å sikre kunnskapen rundt dette og unngå motsegn.

Vi vil gjere kommunane i stand til å ivareta økosistema i arealforvaltninga mellom anna gjennom satsing på økologiske grunnkart, i tillegg til Gislink og Naturbase.

Kommunane har ei viktig rolle i å hindre tap av utvalde naturtypar og leveområde for viktige artar. Kommunedelplan for naturmangfold er eit godt verktøy for å sikre slike omsyn. Når kommunen utarbeider og vedtar arealplanar som kan omfatte naturmangfold, skal ein bruke reglane om berekraftig bruk i naturmangfaldlova kapittel II. Dette gjeld også i behandling av planforslag frå private aktørar.

Forvalting av areal står sentralt for ivaretaking av miljøomsyn i eit langsigkt perspektiv. Arealbruksendringar påverkar t.d. både klimagassutslepp og tap av natur. Berekraftig arealforvalting er difor avgjerande for å nå nasjonale klima- og miljømål. Forvalting av areal står sentralt for ivaretaking av miljøomsyn i eit langsigkt perspektiv. Arealbruksendringar påverkar t.d. både klimagassutslepp og tap av natur.

Berekraftig arealforvalting er avgjerande for å nå nasjonale klima- og miljømål. Planlegging skal utførast i tråd med Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging.

Arealplanlegginga i kommunane skal minimere behovet for transport og legge til rette for at veksten i persontrafikken skjer med kollektivtrafikk, sykkel og gonge.

### Støy

Helseproblem knytt til støy, spesielt frå biltrafikk, er eit stort problem, også i vårt fylke. Kommunane må setje klare krav til firma som utarbeider reguleringsplanar om at det er gjennomført støyutgreiingar med konkrete forslag til støytiltak der dette er naudsynt. Det er eigne retningslinjer for dette i T-1442 med ny rettleiar, som vi ber kommunane nytte aktivt i planarbeidet. Oppstartsmøte er ein viktig arena for at støy skal bli ein tidleg premissleverandør.

### Barn og unge i kommunal planlegging

God og gjennomtenkt planlegging med deltaking frå alle aldersgrupper er nødvendig for å skape gode lokalmiljø og trygge oppvekstvilkår. Nærfriluftsområda er svært viktige for barnefamiliar og eit godt fordelt nettverk av nærleikeplassar og kvartalsleikeplassar forventar vi kommunane arbeider for i planprosessane i kommunen. Utanom det nasjonale rammeverket gjennom RPR for barn og planlegging og rundskriv T-2/08, ønsker vi at kommunane aktivt tek i bruk Statsforvaltaren sine leikeplassråd Leikeplassar - lokalisering og utforming.

### Framande artar

Regjeringa har lagt fram ein nasjonal tiltaksplan for kamp mot framande skadelege artar. Statsforvaltaren ønskjer at kommunane legg vekt på å sette vilkår som hindrar spreiing med gravemassar, sikre at innbyggjarane har gode ordningar for levering av hageavfall og følgje opp villfyllingar.

## Vassforvaltning

Det er viktig at kommunane kjenner til kva rolle og ansvar dei har innan vassdragsforvaltning. Dette finn det ein god oversikt over på Miljødirektoratet sine heimesider: <https://www.miljodirektoratet.no/myndigheter/vannforvaltning/kommunens-ansvar/>

## Tiltak i vassdrag

Tiltak i vassdrag som ikkje blir avklart i reguleringsplan eller er konsesjonspliktige etter vassressurslova skal vurderast av Statsforvaltaren eller fylkeskommunen etter Forskrift om fysiske tiltak i vassdrag Kommunen må ha fokus på at vassdraga får nok plass i arealplanlegginga framover og fokus på heile vassdragsøkosystemet med sidebekkar og våtmark. Dette inneber mellom anna kjennskap til at det langs bredda av vassdrag med årssikker vassføring skal vere eit naturlig vegetasjonsbelte som hindrar avrenning og gir levestad for planter og dyr.

## Massehandtering skal avklarast i regional og kommunale planar

Overskotsmassane er ressursar som bør takast vare på slik at dei kan nyttast. Berekraftig masseforvalting krev god, heilskapleg planlegging for å sørge for størst mogleg gjenbruksandel av masser og redusere miljø- og samfunnsbelastning frå masseuttak, massehandtering og massetransport.

## Forsøpling

Kommunen er forureiningsmyndighet for forsøpling etter forureiningslova, og har ansvar for å følgje opp forsøplingssaker. Forsøpling kan være villfyllingar med hageavfall og anna avfall, men det kan også vere ulovleg lagring av brukte gjenstandar. Landbruk er også ei kjelde til forsøpling. Ei kartlegging gjort av NORCE i elvar på Vestlandet i 2019 viser at ein finn rundballfolie i nesten alle elvane som blei undersøkt. Det vart registrert om lag tre gonger så mykje plast frå landbruket som alle andre kjelder til saman.

## Kommunalt avløpsvatn

Utslepp av kommunalt avløpsvatn kan lokalt gjere stor skade på miljøet. Det er derfor viktig at kommunen følger opp med tilsyn på private og eigne anlegg. Forureiningsforskrifta set strenge krav som kommunane må følge, eit brot på forureiningsforskrifta er også eit brot på plan- og bygningslova.

Kommunalt avløpsvatn inneheld organisk materiale, næringssalt og tarmbakteriar, og i varierande grad tungmetall, organiske miljøgifter, legemidlar og mikroplast. Dette er stoff som det er viktig å redusere utslepp av, og der kommunane har eit viktig ansvar.

## 3.8 Landbruk

*Statsforvaltaren har ansvaret for oppfølging av nasjonal landbruks- og matpolitikk i fylka. Statsforvaltaren har både utviklingsoppgåver og forvaltningsoppgåver på landbruks- og matområdet. Statsforvaltaren skal etablere møteplassar for erfaringsutveksling og formidle statlege forventningar i sin region.*

### Kommunane er ein viktig landbrukspolitisk aktør

Den kommunale landbruksforvaltninga leverer viktige tenester til landbruket i sin kommune.

Landbruket er ei stor næring i Møre og Romsdal. Kommunane har eit stort forvaltaransvar for tilskotsordningar, særlover og arealbruk som er viktig både for landbruket vi har i dag og for framtidas landbruk.

Kwart år vert det utbetalt store tilskotsbeløp til landbruket i fylket både innan jordbruk og skogbruk. Kommunen er førsteinstans for fleire tilskotsordningar. I 2020 var utbetalingane av produksjonstilskot og avløysartilskot til gardbrukarane i vårt fylke 696 millionar kroner. Dette er midlar Stortinget løyver for at vi skal ha ein nasjonal matproduksjon, landbruk i heile landet og eit levande kulturlandskap. Kommunane er førsteinstans sakshandsamar for desse tilskota, det er derfor heilt nødvendig at kommunane har ei robust landbruksforvaltning.

### Effektiv tilskotsforvaltning

Innan tilskotsforvaltning har kommunane oppgåver som kunnskapsformidlar, sakshandsamar og kontrollinstans.

God tilskotsforvaltning inneber at det er utarbeidd rutinar som sikrar at rett utbetalingsbeløp når ut til dei som har rett på tilskot. Kommunane må ha rutinar som sikrar god tilskotsforvaltning. Kravet om ein eigen kontrollplan i kvar kommune er skjerpa. Gode kontrollrutinar skal sikre at brot på regelverket vert avdekkja og følgje opp, slik at samfunnsoppdraget vert oppfylt på ein god måte.

### Arealforvaltning /jordvern

Tilgangen på dyrka jord er nøkkelen til nasjonal sjølvforsyning. Dyrka jord representerer også viktige landskapsverdiar.

Stortinget har vedtatt ein nasjonal jordvernstrategi som seier at årleg omdisponering av dyrka jord må vere under 4000 daa per år. Fylkestinget i Møre og Romsdal har gjennom vedtak av landbruksmeldinga (juni 2017) vedtatt ei målsetjing om at omdisponering av dyrka jord skal vere under 200 daa årleg.

Eigarar av jordbruksareal har ei plikt til å drive jorda (jordlova § 8). Det er kommunen som har ansvar for at driveplikta blir følgd opp. Driveplikta kan ivaretakast ved at eigaren driv jorda sjølv eller ved å leige vekk arealet til ein aktiv bonde. I sist nemnde tilfelle er det i utgangspunktet krav om ein leigekontrakt på 10 år. Driveplikta tek omsyn til fleire viktige samfunnsomsyn, som jordbruket sitt behov for ein føreseieleg tilgang på arealressursar, beredskap (ta vare på jorda sin produksjonsevne) og kulturlandskapet.

### Skog

Skogplanting skaper verdiar og er eit godt klimatiltak.

Møre og Romsdal er blitt eit fylke med stor skogproduksjon, som gir sysselsetting og verdiar for skogeigar. I tillegg tar veksande skog opp store mengder av klimagassen CO<sub>2</sub>. Skogreisinga på 1950 og 60 talet inneber at det no er store mengder gran som er klar til avverking. Etter hogsten har skogeigar plikt til å få opp ny skog (skoglova). I følgje skoglova skal kommunane sjå til at skogeigaren oppfyller plikta dei har til å fornye skogen.

## 3.9 Samfunnstryggleik og beredskap

Kommunane har eit generelt og grunnleggande ansvar for å ivareta tryggleiken til eigne innbyggjarar og andre som oppheld seg i kommunen. Kommunane har ei vesentleg rolle i alt beredskapsarbeid.

### Koronapandemi og krisehandtering

2020 har vore prega av koronapandemien og krisehandtering. I etterkant av uønskte hendingar skal kommunen evaluere krisehandteringa, jf. kommunal beredskapsplikt § 8. Ettersom pandemien er ei langvarig krise, oppmodar vi kommunane til å gjennomføre evalueringar underveis i krisehandteringa. Evaluering av pandemien vil truleg avdekke mange funn, inkludert forbettingspunkt i kommunen sin heilskaplege ROS-analyse og beredskapsplan. Dette kan gjere det naudsynt å oppdatere/revidere den heilskaplege ROS-analysen og anna planverk i etterkant av evalueringa, jf. kommunal beredskapsplikt § 6.

### Førebyggande samfunnstryggleik

DSB har laga ein kunnskapsbank som er tilgjengeleg for alle. Statsforvaltaren oppmodar kommunane til å nytte denne som kjelde til informasjon om risiko og sårbarheit i det førebyggjande samfunnstryggleksarbeidet.

Stortingsmelding 5 (2020-2021), Samfunnssikkerhet i en usikker verden vart publisert i 2020. Samfunnstryggleiksmeldinga retter merksemda særleg mot førebygging. Dagens risikobilde gjer førebygging stadig viktigare. Vi må bu oss på konsekvensane av klimaendringar, globalisering, digitalisering og ei forverra tryggingspolitisk situasjon. Ved å arbeide for å førebygge uønskte hendingar betrar vi vår evne til å verne viktige verdiar og auke motstandsdyktigheita til samfunnet.

### Samfunnstryggleik i kommunal planlegging

Samfunnstryggleik skal varetakast i kommunal areal- og samfunnsplanlegging, og må vere eit gjennomgåande tema i planlegging frå planstrategi til byggesak og dispensasjonssaker. Det er viktig å avklare omsynet til samfunnstryggleik tidleg i planprosessen slik at tryggleik vert førande for den vidare planlegginga. Tidleg avklaring hindrar ressurskrevjande planlegging og prosjektering av tiltak som likevel ikkje lar seg realisere. Kommunane bør stille kvalitetskrav

til ROS-analysar etter plan- og bygningslova. Klimatilpassing skal vere ein naturleg del av analysearbeidet, jf. statleg planretningsline (SPR) for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing.

### Usikker byggegrunn i plan- og byggesaksbehandlinga

Kommunane er plan- og bygningsstyresmakt, og fattar vedtak både om godkjenning av reguleringsplan og byggesøknader. Dette inneber at kommunane både skal styre arealbruken i eit lengre perspektiv, og ta stilling til enkeltsøknader om bygging. Vi ser eit klima i endring og aukande konsentrerte nedbørsmengder som rammar svært lokalt. Dette kan medføre store skader på materiell og i verste fall menneske. Det er avgjerande viktig at kommunane ikkje opnar for bygging i område der naturfaren ikkje er avklart. I byggesaksbehandlinga må derfor kommunane vere særleg merksame på naturfaren før det blir gitt løyve til bygging.

### Samhandling og vidare utvikling

I etterkant av nasjonal helseøving i 2018 skal Statsforvaltaren bidra til det overordna måla om å styrke samhandling mellom helsetenestene, Forsvaret, og andre sivile aktørar det er naturleg å samverke med i heile spekteret frå fred, krise og krig. Inkludert frivillige organisasjonar. Øvinga vart evaluert, og mange av funna er relevante for kommunane. Mellom anna det å legge til rette for god samhandling mellom ulike aktørar. God og tilrettelagt samhandling, spesielt mellom kommune og helseføretak, er òg relevant med tanke på krisehandteringa av pandemien.

Statsforvaltaren vil i sine tilsyn med kommunal beredskapsplikt ha fokus på at kommunane arbeidar heilskapleg og systematisk med samfunnstryggleik og beredskap. Systematisk arbeid med samfunnstryggleik sikrar at analysar og planverk er oppdatert og utviklast i tråd med utfordringane til kommunen.

## 3.10 Klimaomstilling

*Norge skal omstillast til eit lågutsleppssamfunn. Samstundes ser vi allereie no store konsekvensar av klimaendringane for menneske over heile kloden. I tillegg til å kutte utslepp så raskt som mogleg, må vi førebu oss på og tilpasse oss klimaendringane. Kommunane har ei sentral rolle i dette arbeidet.*

### Klimaomstilling gjennom Klimasnu

Statsforvaltaren vil jobbe aktivt og rettleie kommunane i arbeidet med å redusere klimagassutslepp og tilpasse samfunnet til eit klima i endring gjennom satsinga klimasnu. Målet med satsinga er mellom anna å styrke klimakompetansen i kommunane, utvikle fylket i ei klimavennleg retning for å nå lågutsleppssamfunnet og samtidig vere klar til å takle konsekvensane av klimaendringane. Vi forventar at alle kommunane i Møre og Romsdal prioritærer dette arbeidet.

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal har oppretta ein eigen Klimasnupris for særleg engasjement og resultat i arbeidet med klimavennleg omstilling. Klimasnuprisen for 2020 gjekk til Innkjøpssamarbeidet på Sunnmøre og prosjektet Kompetansehevande tiltak for miljøvennlege innkjøp. I grunngivinga vart det peika på at prosjektet har nådd resultat som støttar positiv klimautvikling ved å inngå rammeavtalar for innkjøp med fokus på miljø og klima.

### Klima- og energiplanlegging

Statlege planretningslinjer SPR for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing (2018) gir føringar for kommunane, fylkeskommunane og statens arbeid. Kommunane skal stimulere og bidra til reduksjon av klimagassutslepp gjennom drift og planlegging, og ved all myndigkeit kommunen utøver. Dei neste fire åra vil vere heilt avgjerande for om ein klarar å snu utviklinga slik at ein når målet for 2030.

Kommunen skal ha ein oppdatert handlingsdel i sin klima- og energiplanlegging. Det bør setjast ambisiøse mål for arbeidet og gjennomførast tiltak som bidrar til å redusere klimagassutsleppa.

### Klimatilpassing

Kommunen skal integrere klimatilpassing i sine planar i tråd med statleg planretningslinje (SPR) for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing.

### Klimabudsjett og klimarekneskap

For å kunne følgje opp overordna og langsiktige mål for klimaarbeidet i kommunen er det viktig å ha eit klimagassbudsjett og -rekneskap over utsleppa av klimagassar innan kommunens geografiske avgrensing. Det kan også vere nyttig å ha eit klimagassbudsjett og -rekneskap for drifta av kommunen sine eigne einingar.

### Innkjøp

Kommunane er pålagt å minimere miljøbelastning og fremme klimavennlege løysingar gjennom sine innkjøp. Sjekk [www.anskaffelser.no](http://www.anskaffelser.no).

### Reduksjon av klimagassutslepp frå landbruket

Regjeringa har inngått ein avtale med organisasjonane i jordbruket om at det skal arbeidast for reduserte klimagassutslepp og økte opptak av karbon frå jordbruket. Klimatiltak i skog gir opptak av klimagassar. Kommunen må unngå nedbygging av skog der det er mogleg og syte for tilfredsstillande planting innan tre år etter hogst er følgt opp.



# 4

# Grunnlag for vidare dialog og samarbeid

**«Vi kan gjere mykje aleine, men endå meir saman.» Forventningsbrevet til kommunane er forankra i Statsforvaltaren sitt embetsoppdrag. Målet med dokumentet er at kommunen og Statsforvaltaren skal ha dialog om ulike utfordringar og korleis ein saman kan kome fram til betre løysingar for innbyggjarane i fylket.**

I kapitel 3 har Statsforvaltaren peika på forventningane til kommunane. Gode løysingar på samfunnsoppdraget finn ein best gjennom lokalt og regionalt samarbeid. Langsiktig planlegging og oppdatering av gamle planar er ein nøkkel i dette arbeidet. Dei ulike samfunnsaktørane har ulik kompetanse og erfaringar som gjennom deling kan kome alle til nytte. Dialog mellom kommunane, fylkeskommunen og Statsforvaltaren blir viktig.

## Styrking av kommunedialogen

Statsforvaltaren blir omtalt som regional stat og skal vere bindeleddet mellom sentrale statlege organ og kommunane. Dette skal gå begge vegar. Statsforvaltaren har fått i oppdrag å styrke dialogen med kommunane og vil følgje dette opp også i 2021.

## Oppfølging av Koronapandemien

Statsforvaltaren skal bidra til at alle sektorar handterer utbrotet av covid-19 på ein trygg og effektiv måte. Statsforvaltaren har ei viktig rolle i dette arbeidet, med kunnskapsdeling, rettleiing, tilsyn, koordinering, rapportering og evaluering.

Samarbeidet mellom alle samfunnsaktørane i handteringa av koronapandemien har vore godt i 2020. Kommunane har gjennomgåande gjort ein god jobb etter kvart som tiltak har blitt sett inn. I 2021 vil vi halde fram slik vi har arbeidd i 2020 med følgande møteplassar:

- Samvirkemøte med kommunane
- Møte mellom Helse Møre og Romsdal

- og kommunane
- Samvirkemøte med Fylkesberedskapsrådet
- Fagspesifikke møter med kommunane (t.d. kommuneoverlegar, oppvekstsektoren)

Kommunane må vere budd på endringar i møteaktiviteten i takt med utviklinga i pandemisituasjonen.

## Oppfølging av berekraftsmåla – strategisk planlegging

Regjeringa har bestemt at berekraftsmåla skal vere det politiske hovudsporet for å ta tak i den største nasjonale og globale utfordringa vi står overfor. I kapittel 2 er arbeidet med FNs berekraftsmål omtalt. Statsforvaltaren skal bruke kunnskap om lokale og regionale forhold til å prioritere og følgje opp berekraftsmåla i tråd med regjeringa sin politikk. For kommunane vil dette kunne koplast til vidare arbeid med kommuneplanens samfunns- og arealdel gjennom oppfølging av mål, strategiar og tiltak. Dette blir eit viktig tema i samarbeidet med kommunane i 2021.

## Oppfølging av kommuneøkonomi

For å møte framtidas utfordringar, er det heilt avgjerande at kommunane har ei sunn og god økonomiforvaltning. Det er derfor viktig at Statsforvaltaren har ein god dialog med kommunane om kommuneøkonomi og driv rettleiing. Som eit ledd i oppfølginga og rettleiinga har vi som mål i 2021 å besøke kommunestyra i dei kommunane som er i faresona for å hamne på ROBEK. Det er eit mål om å halde talet på kommunar i ROBEK lavt.

## **Oppfølging av samfunnstryggleik og beredskap**

Gjennom kunnskap og oversikt over risiko og sårbarheit skal Statsforvaltaren bidra til styrka samfunnstryggleik og beredskap. Dette arbeidet skal nyttast til førebygging, beredskap og krisehandtering. Statsforvaltaren har sett i gang arbeidet med Fylkes-ROS. Det vil bli arbeidd med dette i 2021 og kommunane vil her bli trekt aktivt med.

## **Oppfølging av klimaomstilling**

Omstillinga til eit lågutsleppssamfunn er avhengig av god dialog med kommunane. Alt klimaarbeid må vere godt forankra politisk og administrativt. Klimanettverka som er oppretta i fylket må utviklast til velfungerande arenaer for dialog om klimaomstilling. I 2021 forventar Statsforvaltaren at kommunane i fylket har ein oppdatert handlingsdel for sitt klimaarbeid.

## **Samordning av statlege tilsyn**

Statsforvaltaren skal samordne statlege tilsyn med kommunar og fylkeskommunar etter §§ 30-6 og 30-7 i [Kommunelova](#). Samordninga skal bidra til at planlagde statlege tilsyn er målretta, føreseileg og bidrar til forbetring og læring.

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal har på oppdrag frå KMD leia eit nasjonalt prosjektet med utvikling av ein felles tilsynskalender. [Tilsynskalenderen](#) er verktøyet som skal legge til rette for samordning av statlege tilsynsaktivitetar, og alle statlege etatar som har planlagde kommuneretta tilsyn etter kommunelova er pålagt å registrere sine tilsyn her.

Statsforvaltaren forventar at også kommunane tek tilsynskalenderen i bruk, og er aktive i planleggingsfasen. Vi viser til brosjyra [Samordning av statlege tilsynsaktivitetar i Møre og Romsdal](#), for nærmare informasjon om rutinar i vårt fylke. Målet er å gi kommunane tidleg oversikt over planlagt tilsynsbelastning, og moglegheit for dialog i planleggingsfasen. Når tilsynsdataane er ferdig samordna av Statsforvaltaren, vil dei planlagde tilsyna vere datosett og offentleg i tilsynskalenderen.

Tilsynskalenderen er framleis under utvikling og forbetring, og dette arbeidet går over i Fase 3 i 2021. Meir informasjon blir å finne på [våre heimesider](#).

## **Oppfølging av ny kommunelov – internkontroll**

Statsforvaltaren vil i 2021 halde fram å rettleie kommunar, folkevalde og private i ny kommunelov med tilhøyrande forskrifter. Frå 1.1.2021 blei [kommunelovas kap. 25](#) internkontroll, sett i kraft. I løpet av våren 2021 kjem ein ny rettleiar på dette området. Vi forventar at kommunedirektørane sett seg inn i reglane om internkontroll og rapportar til kommunestyret i samsvar med krava i lova.

## **Kommunebesøk 2021 – dialog om utfordringsbilde, mål og strategiar**

Koronapandemien sette ein stoppar for den fysiske gjennomføringa av folkevaltopplæringa som var planlagt i 2020. På bakgrunn av eit revidert møteopplegg vart det gjennomført digitale dialogmøte med alle våre 26 kommunar hausten 2020. Tilbakemeldingane frå kommunane var at møta var effektive og nyttige.

Statsforvaltaren vil i 2021 gjennomføre ein ny runde med kommunedialogmøte. Det vil bli invitert til digitale møte med administrativ og politisk leiing i perioden april – juni 2021. Tema for dialogmøta vil naturleg ta utgangspunkt i pandemisituasjonen, kommuneøkonomi, kommunal planlegging og bruk av FNs berekraftsmål. Statsforvaltaren inviterer kommunane til å presentere status og utfordringar, og ta opp konkrete tema for vidare dialog og samarbeid.

Statsforvaltaren ser informasjonsdeling, kompetanseheving og samhandling som viktig. Det er usikkert i kva grad vi kan gjennomføre fysiske møte i 2021. Det vil blir gjennomført samhandlingsaktivitetar digitalt og vi ber kommunane om å følge med på våre heimesider og abonnere på nyhende som blir sendt ut.

Du finn meir informasjon på heimesida vår: [www.statsforvaltaren.no/mr](#)

Følg med på:

- [Kurs og konferansekalenderen](#)
- [Tilskotskalenderen](#)
- [Tilsynskalenderen](#)
- [Høyringar](#)
- [Abonnér på nyheter frå Statsforvaltaren i Møre og Romsdal.](#)

